



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
26/043	Planutval	01.09.2026
26/102	Stad formannskap	03.09.2026
26/105	Stad kommunestyre	10.09.2026

Forstudie lokalisering av reinseanlegg Nordfjordeid

Bakgrunn for saka:

I samsvar med temaplanar for vatn, avløp og overvatn, vedtekne 27. oktober 2022 i sak KS-22/133, skal det byggast nytt reinseanlegg på Nordfjordeid.

Stad kommunestyre gjorde i sak KS-26/006, Revisjon av temaplanar VAO, vedtak om utgreiing alternative lokaliseringar av Nordfjordeid reinseanlegg. Følgjande punkt i vedtaket ligg til grunn for denne saka:

1. Sak knytt til utgreiing av to-trinns byggeprosjekt Nordfjordeid reinseanlegg vert lagt fram våren 2026 for handsaming.
2. Gjeldande reinseanlegg på Nordfjordeid. Det skal gjerast eit forstudie på plassering av reinseanlegg som tek opp i seg alle kjende innspel som er komne opp i saka, og vidare om bygging bør/kan skje i to trinn.
3. Forstudie og prosjektering vert å kjøpe ekstern kompetanse til, for å frigjere kapasitet i organisasjonen.

Stad kommune har rammeavtale med Norconsult og har med bakgrunn i vedtaket(KS-26/006 punkt 8, 9 og 10) gjort eit avrop om utgreiing.

Administrasjonen har i avropet ikkje lagt opp til ei omfattande forstudie i første fase(trinn 1). Det er bedt om at ein først gjer ei overordna analyse basert på kjende opplysningar (trinn 1), med opsjon på ei meir detaljert forstudie av lokasjonar som ein vurderer som aktuelle(trinn 2).

Denne saka legg fram resultatet frå trinn 1 for å avklare om ein skal gå vidare til trinn 2 og kva alternativ som skal belyst nærare i trinn 2.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret vedtek at Mel/Prestevika aust, Os og Løkjanaset skal førast vidare til trinn 2 / forstudie for lokalisering av nytt reinseanlegg på Nordfjordeid.
2. Trinn 2 skal gjennomførast som ei samla og samanliknbar forstudie. Forstudien skal mellom anna vurdere planstatus, miljø- og nærmiljøverknader og teknisk gjennomførbarheit, systemløyising, estimat på investeringskostnader, driftsmessige konsekvensar og framtidig fleksibilitet.
3. Forstudien skal også vurdere konsekvensar ved eitt samla utbyggingsgrep samanlikna med eventuell bygging i fleire byggetrinn.
4. Resultatet frå trinn 2 skal leggst fram for politisk handsaming før vidare val av lokalisering og prosjektering.

Vedlegg i saka:

06.07.2026	Norconsult_Avrop forstudie lokalisering_2604	1870498
06.07.2026	Trinn 1 avklaringsfase - Lokalisering av nytt reinseanlegg for Nordfjordeid	1870499

Planutval 01.09.2026:

Handsaming:

Tilleggsframlegg frå Gerd Fløde Bjørlo(V):

Skårhaug (område for eksisterande masseuttak) blir vurdert på lik linje som dei 3 utvalde områda.

Det vart røysta alternativt over kommunedirektøren sitt framlegg og kommunedirektøren sitt framlegg inkludert Venstre sitt tilleggsframlegg.

Kommunedirektøren sitt framlegg vart vedteke med 5 røyster. Gerd Fløde Bjørlo(V) røysta for kommunedirektøren sitt framlegg inkludert Venstre sitt tilleggsframlegg.

PLUV - 26/043 Vedtak:

Innstilling frå planutvalet:

1. Kommunestyret vedtek at Mel/Prestevika aust, Os og Løkjanaset skal førast vidare til trinn 2 / forstudie for lokalisering av nytt reinseanlegg på Nordfjordeid.
2. Trinn 2 skal gjennomførast som ei samla og samanliknbar forstudie. Forstudien skal mellom anna vurdere planstatus, miljø- og nærmiljøverknader og teknisk gjennomførbarheit, systemløyising, estimat på investeringskostnader, driftsmessige konsekvensar og framtidig fleksibilitet.
3. Forstudien skal også vurdere konsekvensar ved eitt samla utbyggingsgrep samanlikna med eventuell bygging i fleire byggetrinn.
4. Resultatet frå trinn 2 skal leggst fram for politisk handsaming før vidare val av lokalisering og prosjektering.

Stad formannskap 03.09.2026:

Handsaming:

Felles endringsframlegg frå formannskapet:

Alternativt pkt.1: Kommunestyret vedtek at Mel/Prestevika aust, Os, Løkjanaset og Ytre Skårhaug skal førast vidare til trinn 2 / forstudie for lokalisering av nytt reinseanlegg på Nordfjordeid.

Tilleggsframlegg frå Venstre:

Skårhaug (område for eksisterande masseuttak) blir vurdert på lik linje som dei 3 utvalde områda.

Venstre ønskte tilleggsframlegget protokollført. Det vart ikkje røysta over tilleggsframlegget, grunna dette også går fram av felles endringsframlegg frå formannskapet.

Avrøystinga vart utført punktvis:

- Punkt 1 i kommunedirektøren sitt framlegg vart satt opp mot felles endringsframlegg frå formannskapet. Felles endringsframlegg frå formannskapet vart samrøystes vedteke.
- Det vart røysta over punkt 2 i kommunedirektøren sitt framlegg som vart samrøystes vedteke.
- Det vart røysta over punkt 3 i kommunedirektøren sitt framlegg som vart samrøystes vedteke.
- Det vart røysta over punkt 4 i kommunedirektøren sitt framlegg som vart samrøystes vedteke.

F - 26/102 Vedtak:

1. Kommunestyret vedtek at Mel/Prestevika aust, Os, Løkjaneset og Ytre Skårhaug skal først vidare til trinn 2 / forstudie for lokalisering av nytt reinseanlegg på Nordfjordeid.
2. Trinn 2 skal gjennomførast som ei samla og samanliknbar forstudie. Forstudien skal mellom anna vurdere planstatus, miljø- og nærmiljøverknader og teknisk gjennomførbarheit, systemløyising, estimat på investeringskostnader, driftsmessige konsekvensar og framtidig fleksibilitet.
3. Forstudien skal også vurdere konsekvensar ved eitt samla utbyggingsgrep samanlikna med eventuell bygging i fleire byggetrinn.
4. Resultatet frå trinn 2 skal leggjast fram for politisk handsaming før vidare val av lokalisering og prosjektering.

Saksopplysningar:

Tidlegare politiske vedtak og status

Kommunestyret handsama lokalisering av nytt reinseanlegg på Nordfjordeid i KS-24/033. Det vart då vedteke vidare arbeid med detaljregulering og forprosjekt for nytt sekundærreinseanlegg på Mel. Detaljregulering for Prestevika aust vart vedteken av kommunestyret i KS-26/007. Klage på reguleringsplanen vart seinare avslått i KS-26/082.

I KS-25/196 vart Nordfjordeid reinseanlegg skyvd ut i tid, og kommunestyret bad om vurdering om reinseanlegget på Mel kan byggast ut i to byggetrinn.

I KS-26/006 vart det gjort vedtak om forstudie for alternativ plassering av reinseanlegg og vurdering av om bygging bør/kan skje i to trinn. Det vart også vedteke at forstudie og prosjektering skal kjøpast inn som ekstern kompetanse.

Administrasjonen har på bakgrunn av desse vedtaka bestilt ein overordna analyse(trinn 1) frå Norconsult. Rapport frå Norconsult for trinn 1 ligg føre og er i sin heilskap lagt ved saka. Saka legg opp til politisk avklaring om ein skal gå vidare med detaljutgreiing av ulike lokaliseringalternativ i eit

trinn 2.

Avrop og mandat

Administrasjonen har bestilt bistand frå Norconsult gjennom gjeldande rammeavtale for rådgjevartenester. Avropet er lagt ved saka.

Oppdraget er delt i to trinn. Trinn 1 er ein avklaringsfase med gjennomgang av eksisterande kunnskapsgrunnlag, kjende innspel og aktuelle lokaliseringsalternativ. Føremålet med trinn 1 er å avgrense talet på alternativ som skal utgreiast nærare og dermed avgrense kostnadar og bruk av midlar.

Trinn 2 er lagt opp som ei meir detaljert forstudie og kvalitetssikring av dei alternativa kommunestyret vel å føre vidare. Denne delen av arbeidet skal gi eit meir fullstendig bilete av dei ulike alternativa for seinare politisk handsaming av lokalisering.

Dette gjer at kommunestyret kan ta stilling til kva lokaliseringsalternativ som skal greiast nærare ut, før det vert brukt vidare ressursar på meir detaljerte vurderingar. Todelinga gjer det også mogleg å synleggjere kostnadene ved ein grundigare forstudie, og gir kommunestyret høve til å avgrense eller justere vidare arbeid før trinn 2 vert bestilt.

Trinn 1 dannar med dette grunnlaget for denne saka. Politisk vedtak i saka vert grunnlag for eventuell bestilling av trinn 2.

Rapport frå trinn 1

Rapport frå trinn 1 er lagt ved saka. Rapporten dokumenterer Norconsult si gjennomføring av avklaringsfasen for lokalisering av nytt reinseanlegg på Nordfjordeid.

Trinn 1 er gjennomført som ei overordna grovsortering av aktuelle lokaliseringsalternativ. Arbeidet byggjer på eksisterande kunnskap, tidlegare alternativvurderingar, reguleringsplanmateriale, sektoruttalar og innspel som har kome i saka. Det er ikkje gjennomført nye grunnundersøkingar eller detaljprosjektering som del av trinn 1.

Føremålet med trinn 1 har vore å avgrense talet på alternativ før vidare forstudie. Rapporten skal ikkje fastsette endeleg lokalisering, men gi eit fagleg grunnlag for kva alternativ som bør vurderast nærare i trinn 2.

Norconsult har i trinn 1 vurdert følgjande alternativ som mest relevante:

- Mel/Prestevika aust
- Os
- Løkjanaset
- Skårhaug/Svora
- Taklo

Haugland, Øyane, Myklebust og andre tidlegare vurderte lokalitetar er ikkje tekne opp att i trinn 1. Norconsult har ikkje identifisert nye opplysningar som endrar kommunen si tidlegare vurdering av desse som lite eigna alternativ.

Norconsult tilrår at følgjande tre alternativ vert førte vidare til trinn 2:

- **Mel/Prestevika aust**

Alternativet vert vurdert som det mest modne alternativet, med vedteken reguleringsplan og eit omfattande kunnskapsgrunnlag. Samtidig er det også alternativet med høgast dokumentert konfliktpotensial knytt til naturmangfald, kulturmiljø, nærmiljø og sentrumsnær plassering.

- **Os**

Alternativet vert vurdert som meir aktuelt enn ved tidlegare vurderingar, basert på innspel og nye opplysningar. Norconsult vurderer at Os framstår som eit reelt alternativ, men at det er fleire forhold som må kvalitetssikrast og utgreiast nærare. Dette gjeld mellom anna planstatus, overføringsløyisingar for avløpsvatn, leidningsføring, drift- og energibehov, samt geotekniske og geofaglege forhold langs trasé og på staden. Desse forholda kan ha betydning for gjennomførbarheit, kostnader og risiko ved alternativet.

- **Løkjanaset**

Alternativet vert vurdert som eit robust samanlikningsalternativ. Området har eit planmessig utgangspunkt som industriområde, men det er behov for vidare vurderingar av tekniske løyisingar, leidningsføring, overføringsløyisingar for avløpsvatn, drift- og energibehov, samt geotekniske og geofaglege forhold langs trasé og på staden.

Skårhaug/Svora og Taklo vert ikkje tilrådde vidareført som reelle alternativ. Norconsult vurderer at desse alternativa anten er mindre modne, meir komplekse eller for lite dokumenterte til å inngå i ein vidare forstudie saman med dei tre prioriterte alternativa.

Norconsult vurderer samla sett at Mel/Prestevika aust, Os og Løkjanaset utgjer eit tilstrekkeleg breitt, men samtidig handterbart grunnlag for vidare utgreiingar (forstudie). Vidare arbeid bør etter Norconsult si vurdering gjennomførast som ei samla og samanliknbar forstudie av dei tre alternativa.

Vidare arbeid – trinn 2

Trinn 2 er planlagt som ei samla og samanliknbar forstudie av dei alternativa kommunestyret vel å føre vidare. Føremålet er å få eit betre fagleg og økonomisk grunnlag før seinare politisk vedtak av lokalisering.

Arbeidet i trinn 2 vil ikkje vere ei detaljprosjektering, men ha eit detaljnivå som gjer det mogleg å samanlikne alternativa på ein meir systematisk og etterprøvbar måte enn i trinn 1. Forstudien skal mellom anna avklare sentrale forhold knytt til planstatus, teknisk gjennomføring, miljø, nærmiljø, økonomi, drift og framtidig fleksibilitet. Norconsult sitt honorarestimat for trinn 2 omfattar ikkje geotekniske/geofaglege grunnundersøkingar.

Følgjande tema skal inngå i trinn 2:

- planstatus og arealmessig gjennomførbarheit
- miljø, naturmangfald, vassmiljø og kulturmiljø
- nærmiljø, landskap, friluftsliv og samfunnsverknader
- teknisk gjennomførbarheit, systemløyising, leidningar, pumping og drift
- naturfare, geoteknikk og grunnforhold
- investeringskostnader for kvart lokaliseringsalternativ
- driftsmessige konsekvensar og usikkerheit
- fleksibilitet for framtidig kapasitetsauke og endra reinsekrav

Som del av trinn 2 skal Norconsult utarbeide overordna kostnadskalkylar for sjølve reinseanlegget med tilhøyrande infrastruktur for kvart lokaliseringalternativ. Dette skal gi eit betre grunnlag for å vurdere dei samla økonomiske konsekvensane av dei ulike alternativa, både når det gjeld investering, tilhøyrande infrastruktur og vidare drift.

Det må skiljast mellom trinn 1 og trinn 2 i forstudien, og spørsmålet om sjølve reinseanlegget kan byggast i eitt eller fleire byggetrinn. Trinn 1 og trinn 2 gjeld prosessen fram mot eit betre avgjerdsgrunnlag. Spørsmålet om byggetrinn gjeld sjølve utbyggingsstrategien for reinseanlegget.

I KS-26/006 er det vedteke at forstudien også skal vurdere om bygging bør/kan skje i to trinn. Dette spørsmålet skal vurderast nærare i trinn 2.

Norconsult peikar i rapporten frå trinn 1 på at stegvis utbygging frå primær- til sekundærreinseanlegg vert vurdert som lite føremålstenleg. Rapporten viser samtidig til at trinn 2 bør utgreie to-trinns byggeprosjekt som eige tema, for å svare ut den politiske bestillinga. I trinn 2 skal spørsmålet svarast nærare ut gjennom ei konkret vurdering av konsekvensar, kostnader, framdrift, driftstryggleik, risiko og framtidig kravoppfylling. Forstudien skal difor vurdere eitt samla utbyggingsgrep opp mot eventuell bygging i fleire byggetrinn.

Norconsult tilrår at trinn 2 vert starta opp etter politisk vedtak om vidareføring. Gjennomføringstida er vurdert til om lag 12–16 veker. Leveransen frå trinn 2 vert ein samla forstudierapport med samanliknbart grunnlag for dei alternativa som vert førte vidare. Rapporten skal danne grunnlag for ny politisk sak før vidare val av lokalisering og prosjektering.

Vurdering:

Kommunedirektøren vurderer at rapporten frå trinn 1 gir eit tilstrekkeleg grunnlag for å avgrense vidare arbeid til tre lokaliseringalternativ: Mel/Prestevika aust, Os og Løkjaneset.

Dei tre alternativa representerer ulike lokaliseringsegrep og har ulike styrkar og usikkerheiter når det gjeld planstatus, teknisk løysing, økonomi, miljø, arealbruk og nærmiljø. Trinn 1 er ei overordna grovsortering basert på eksisterande kunnskap, tidlegare alternativvurderingar, reguleringsplanmateriale, sektoruttalar og innspel som har kome i saka. Etter kommunedirektøren si vurdering gir dette eit tilstrekkeleg fagleg grunnlag for å avgrense vidare forstudie til Mel/Prestevika aust, Os og Løkjaneset.

Norconsult konkluderer med at Mel/Prestevika aust er det mest modne alternativet. Det ligg føre vedteken reguleringsplan for området, og det er gjennom reguleringsprosessen utarbeidd eit omfattande kunnskapsgrunnlag. Dette gir eit avklart utgangspunkt for vidare arbeid. Samtidig er det også dette alternativet som har høgast dokumentert konfliktpotensial, særleg knytt til naturmangfald, kulturmiljø, nærmiljø og sentrumsnær plassering. Desse forholda må vurderast vidare på lik linje med dei andre alternativa i trinn 2.

Os er vurdert som meir konkret og vidareutvikla enn ved tidlegare vurderingar. Alternativet framstår som relevant å greie vidare ut, men det er behov for nærare avklaringar knytt til planstatus, teknisk system, overføringsløysingar for avløpsvatn, leidningsføring, grunnforhold og kostnader. Det må også vurderast nærare kva konsekvensar ei slik lokalisering vil ha for eksisterande og framtidig avløpssystem på Nordfjordeid.

Løkjaneset er eit relevant samanlikningsalternativ. Alternativet har eit anna arealmessig og

planmessig utgangspunkt enn Mel/Prestevika aust, ved at området er knytt til eit regulert industriområde. Det ligg samstundes ikkje føre eit like omfattande kunnskapsgrunnlag som for Mel/Prestevika aust. Det er difor behov for vidare vurderingar av tekniske løysingar, leidningsføring, overføringsløysingar for avløpsvatn, driftsmessige konsekvensar, miljø- og arealverknader og samla økonomi.

Kommunedirektøren vurderer at trinn 2 bør gjennomførast som ei samla forstudie, der dei tre alternativa vert vurderte etter same metodikk. Dette er viktig for å få eit meir samanliknbart og etterprøvbart grunnlag før vidare politisk handsaming og avgjerd. Forstudien bør særleg avklare investeringskostnader, driftsmessige konsekvensar, teknisk gjennomførbarheit, miljø- og nærmiljøverknader, planmessige forhold og framtidig fleksibilitet.

Økonomiske konsekvensar:

Kostnadene til trinn 1 og trinn 2 vert ført på prosjektet og inngår i sjølvkostområdet for avløp.

Trinn 1 er gjennomført som ei avklaringsfase/grovsortering av aktuelle lokaliseringalternativ. Arbeidet er bestilt gjennom gjeldande rammeavtale for rådgjevartenester. Kostnaden for trinn 1 er om lag kr 100 000 eks. mva.

Norconsult har gitt pris på gjennomføring av trinn 2. Samla honorarestimat for trinn 2, der alle tre alternativa vert utgreidd i éi samla forstudie, er kr 1 064 772 eks. mva.

Trinn 2 omfattar utgreiing, samanlikning og rapportering for dei tre lokaliseringalternativa. I dette ligg også arbeid med overordna kostnadskalkylar for reinseanlegg med tilhøyrande infrastruktur for kvart alternativ. Kostnadskalkylane skal inngå som del av samanlikningsgrunnlaget i forstudien. Det er særleg viktig at forstudien synleggjer kostnadsskilnader mellom alternativa knytt til infrastruktur fram til reinseanlegget, til dømes leidningsanlegg, pumpestasjonar og driftskostnader for slik infrastruktur. Forstudien skal også synleggjere kostnads- og driftsmessige konsekvensar ved eitt samla utbyggingsgrep samanlikna med eventuell bygging i fleire byggetrinn, til dømes ved stegvis utbygging frå primær- til sekundærreinseanlegg.

Trinn 2 er lagt opp som ei målretta forstudie med felles metodikk, samanstilling og rapportering for alle tre alternativa. Ein del aktivitetar som er nødvendige uavhengig av lokalisering er difor innarbeidd i estimata. Dersom kommunen vel å gå vidare med færre alternativ, må kostnadsestimatet vurderast på nytt.

Oversikt over kostnader for trinn 2 (eks. mva.):

Alternativ	Estimert kostnad trinn 2	Merknad/føresetnad
Mel/Prestevika aust	Kr 221 184	Lågast estimert kostnad. Det ligg føre vedteken reguleringsplan og omfattande kunnskapsgrunnlag frå reguleringsprosessen.
Os	Kr 472 224	Høgast estimert kostnad. Alternativet krev fleire avklaringar knytt til plan- og arealpremiss, overføringsløyningar for avløpsvatn, dimensjonering av leidningsnett og pumpestasjonar, drift/energi og geotekniske/geofaglege forhold.
<u>Løkjanaset</u>	Kr 371 364	Har planmessig utgangspunkt som regulert industriområde, men krev vidare vurderingar av teknisk system, leidningsføring og sentrale kostnadsdrivarar.
Totalt	Kr 1 064 772	Gjeld samla forstudie for alle tre alternativa.

Usikkerheita i estimatet er særleg knytt til behov for supplerande faggrunnlag innan miljø og resipient, behov for geotekniske/geofaglege vurderingar utover reine skrivebordsstudiar, og detaljnivået på kostnadsanalysane sett opp mot behovet for eit politisk robust samanlikningsgrunnlag.

For Os er det peika på at eventuell arkeologisk kartlegging ikkje er inkludert i honorarestimatet til Norconsult. Det same gjeld eventuelle geotekniske/geofaglege undersøkingar eller vurderingar utover skrivebordsbasert nivå. Desse forholda utgjer ein del av usikkerheita ved vidare vurdering av Os som lokaliseringsalternativ og ved val av eventuell leidningstrasé.

Dersom det vert stilt krav om arkeologiske feltundersøkingar eller geotekniske/geofaglege undersøkingar i tilknytning til trinn 2, vil dette kome som eksterne kostnader/utlegg. Eventuelle feltundersøkingar vil også kunne få konsekvensar for framdrifta til forstudien.

Vidare kostnader til forstudie, prosjektering og seinare investeringar vil inngå i sjølvkostgrunnlaget for avløp.

Miljø:

Trinn 2 skal gi eit meir samanliknbart grunnlag for å vurdere miljøverknader ved dei tre lokaliseringsalternativa. Dette omfattar mellom anna miljø og kulturmiljø, naturmangfald, vassmiljø, nærmiljø og landskap, i tillegg til behov for avbøtande tiltak.

For Mel/Prestevika aust ligg det føre eit omfattande kunnskapsgrunnlag gjennom reguleringsplanarbeidet. Dette gjer at fleire miljøtema allereie er kartlagde og vurderte. Samtidig viser reguleringsarbeidet at alternativet har dokumenterte miljøomsyn som må inngå i den vidare samanlikninga, særleg knytt til sjøareal, ålegras og naturmangfald.

For Os og Løkjanaset ligg det ikkje føre eit tilsvarande detaljert kunnskapsgrunnlag. Trinn 2 må difor bidra til å byggje opp eit betre grunnlag for desse alternativa, på eit detaljnivå som er tilpassa forstudien, slik at miljøverknader kan vurderast på ein meir samanliknbar og etterprøvbar måte.

Eit nytt reinseanlegg er i seg sjølv eit viktig miljøtiltak, ved at det skal gi betre reinsing av avløpsvatn og redusere risikoen for ureina utslepp til fjorden. Samtidig må val av lokalisering vurderast opp mot

lokale miljøverdiar, naturmangfald, arealbruk og behov for avbøtande tiltak.